

Fin avslutningsfest for 7.klassingane.

15.06.2017



Dette plommetreet med ballongar med hjartevarme helsingar står no trygt planta på Neset.

Plommetreet de ser på biletet over, er ikkje noko vanleg plommetre. Plommene er ballongar. Ballongane er ikkje berre fylt med luft. Dei inneheld nemleg hjartevarme helsingar. Det er ei flott og rørande gåve til kontaktlærar Åse Neset frå avgangsklassen på Uskedal skule og vart ovverrekt på festen tirsdag kveld.

På avslutningsfesten for 7.klasse var det eit fint program. Først var det eit innslag av ei dansegruppe. Deretter vart det komikk der parodiering var sentralt. Torbjørn Haugland, Kristian Øvstebø og Anders Isdal-Myklebust stod for det. Torbjørn parodierte bloggaren Sophie Elise medan Kristian tok seg av rolla som Knut Arild Hareide. Anders var journalist som intervjua desse. Knallbra var det! Det var det også i det neste innslaget då Torbjørn framførte ein glitrande parodi på Kongen sin nyttårstale. Etter at latteren hadde lagt seg, framførte alle dei 23 elevane ein fellesdans som ein flott avslutning på denne programdelen.



Åse overrekte ein hopptimist til kvar elev.

Det var også talar og gáveoverrekking. Vi har fortalt om den flotte gáva frå elevane til den omtykte Åse. Åse hadde gode ord om og til elevane. Ho gav også gáve til kvar elev; - ein hopptimist som skulle symbolisera at no er det ein ny start. Hilde Bringedal og Brit Hjetland hadde klassen frå 1. til 4.klasse. Dei tala og mimra til elevane.

6.klasseforeldra hadde absolutt gjort sitt til at festen vart så vellukka. Dei sytte for maten som var flott og delikat tillaga, og var med gjorde sitt til at elevane følte seg verdsett. Det vart servert taco, og til dessert fekk dei is og frukt-coctail.

Åse Neset seier at det var ein hyggeleg kveld sjølv om det også er vemodig. Ho trur at elevane no er klare for å begynna på ungdomsskulen, og ser fram til det. Ho syns ungdomsskulen har gjort ein god jobb for å gjera overgangen så grei som mogeleg for elevane. Dei har blitt tatt godt i mot, og det har vore besøk begge vegar. Foreldra har også vore på ungdomsskulen og har fått informasjon.

- Ungdomsskulen har handtert dette veldig godt, syns eg. Dei starta i god tid, og eg føler tryggheten har begynt å sigma inn. Eg trur dei er klare for ungdomsskulen, seier Åse Neset.

Eg er sikker på at ho kjem til å ta mange turar ut til plommetreet i tida framover, stoppa opp, lesa på ballongane og tenkja på dei 2 åra ho har hatt saman med dei 23 elevane. Frå foreldreparten er eg beden om å ta med at Åse har gjort ein fantastisk jobb med klassen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kjersti N. Børve og Thor Inge Døssland